

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 24.10.2024, kl. 10:00-15:40  
**MØTESTAD:** Nordfjord psykiatrisenter, Norfjordeid

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

### Forfall

Silje Skaar Sunde, medlem  
Torfinn Heggland, medlem

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Vidar Øvrebø, kst. direktør Drift og eigedom  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Asle Kjølraug, fagdirektør  
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus  
Inger Lise Vereide, kst. kommunikasjonssjef  
Frode Schanke, ikt-sjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Aril Nøstdal, seksjonsleiar  
Stian Sægrov, avdelingssjef (*deltok digitalt*)

**SAKLISTE**

Saksnummer	Sakstittel
065/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
066/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.09.2024
067/2024	Administrerande direktør si orientering
068/2024	Rapportering frå verksemda per september 2024
069/2024	Risikostyring 2024 – rapportering 2. tertial
070/2024	Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2024
071/2024	Prehospital plan – siste rapportering
072/2024	Sjukefråvær i Helse Førde HF
073/2024	Oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde
074/2024	Sal av Tronvik
075/2024	Plan for internrevisjon i Helse Førde og Helse Vest 2025-2026
Saker til orientering:	
076/2024	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

**STYRET STARTA MED EI OMVISNING VED NY MR-MASKIN OG SKADEPOLIKLINIKKEN I NORDFJORD SJUKEHUS**

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Nordfjord psykiatrisenter.

**Sak 065/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Silje Skaar Sunde og Torfinn Heggland hadde meldt forfall
- Varamedlemmer for Heggland var kontakta, men kunne ikkje delta

Adm. direktør Varden sa at sak om Skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus vert styremøte i november og desember 2024.

**Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 066/2024      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF  
26.09.2024****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.09.2024.

**Sak 067/2024      Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå:

- Glimt frå opning og innflytting i Livabygget
- NRK morgon-sending frå Førde sentralsjukehus 23. oktober
- Nye poliklinikkar ved Nordfjord sjukehus, og nye overlegar

**1. Rapportering tilsynssaker**

Adm. direktør Varden orienterte om tilsynsrapport om Luster ambulansestasjon og Lavik ambulansestasjon.

Vi er i dialog med Høyanger kommune om lokala ved Lavik ambulansestasjon.

**2. Oversikt over aktuelle høyringar**

*Styret kommenterte "Høyring - forslag til endringer i reglene om taushetsplikt i helsepersonelloven og pasientjournalloven mv". Går det mot meir openheit om pasientopplysningar?*

*Adm. direktør Varden bekrefta at vi følger opp denne høyringa.*

**3. Saker til oppfølging etter styremøte****4. Disputas**

Kristina Osland Lavik disputerte 18. oktober ved Universitetet i Bergen:

The first five sessions study: Alliance formation processes from the perspectives of clients and therapists

Ho er medlem av forskingsgruppa PERSONFORSK.

## 5. Opprykk til professor

Eli Natvik har fått opprykk til professor ved Høgskulen på Vestlandet. Ho har delt stilling mellom Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Ho er nestleiar i forskingsgruppa PERSONFORSK.

## 6. Rustilbodet i Helse Førde

Seksjonsleiar Nøstdal orienterte om status TSB døgn Helse Førde 24.10.2024

- Kapasitet
- Behandling/ aktivitet, viser tall godt over kravet
- Bemanning, kompetanse, samhandling
- Bygg og areal

Oppsummert:

- Det er ro i seksjonen, men høgt tempo
- Auke i oppgåver knytt til inntak av pasientar, råd og rettleiing
- Liggetid på nivå som før
- Ikkje auke i ventetid, ikkje auke i tal avviste tilvisingar
- Frå september høgare belegg, kanskje ny normalsituasjon
- Ingen auke i bruk av andre behandlingseinstitusjonar
- Omdisponert brukarstyrt plass til elektiv frå 21.10.2024
- Vi ser ei ny stor pasientgruppe - pasientar som har fått foreskrive smertestillande opioid (t.d. oxycontin) av lege og utvikla avhengnad

Bemanning, kompetanse, samhandling:

Alle faste stillingar dekkja. Høg utdanningsaktivitet, vi har snart to spesialistar i rus- og avhengnadsmedisin. Vi treng LIS 3 for å nytte utdanningskapasiteten i eit rekrutteringssvakt felt. Det er behov for meir systematisk kontakt med alle kommunane i føretaksområdet.

Bygg og areal:

Det er mangel på kontor plassar. Romløyisingar sikrar ikkje personvern og legemiddelhandtering.

*Styret takka for god orientering.*

*Adm. direktør Varden sa at styret får ny tilbakemelding våren 2025 om status i rustilbodet i Helse Førde.*

## 7. Statsbudsjettet

Adm. direktør Varden innleia om statsbudsjettet.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om statsbudsjettet:

- Sjukehusa blir styrka med samla 5,5 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024. Det er lagt til grunn ein aktivitetsvekst på 1,8%. Auken i demografisk behov er anslått til 1,5%
- Ventetider i 2025 skal reduserast
- Pris- og lønsvekst er på 4,1%

## 8. Møte med Helse Vest RHF 7. oktober

Adm. direktør Varden orienterte om møte i Stavanger 7. oktober om følgjande tema:

1. Overordna – status no
2. Nye Førde sjukehus – Svana 2 og 3
  - Intensiv, akuttmottak, Svana teknisk
3. Vestlandslegen
  - Areal, akademisk kompetanse
4. Tryggleikssenger
5. Medisinsk teknisk utstyr
6. Balanse drift og investering
7. Veggen vidare

Adm. direktør vil kome tilbake til styret med sak om Angabygget. Dette m.a. pga. behov for areal til Vestlandslegen.

## 9. Nasjonale kvalitetsindikatorar

Fagdirektør Kjølraug orienterte om nasjonale kvalitetsindikatorar 2023:

Fagområde område med høgst måloppnåing (utdrag):

5 års relativ overlevelse etter

- Endetarmskreft (1 av 19)
- Brystkreft (1 av 19)
- Tjukktarmkreft (3 av 19)

Psykisk helsevern for vaksne og TSB

- Høgst måloppnåing på 11 av 17
- Gjennomsnittleg og median ventetid, unngå fristbrot

Behandling av nydiagnostisert attakvis MS. Høgst måloppnåing på 3 av 3 indikatorar

Fagområde med lågast måloppnåing (utdrag):

Somatisk helse:

- Gjennomsnittleg ventetid (23 av 26)
- Median ventetid (24 av 26)
- Fristbrot (21 av 26)

Psykisk helsevern for vaksne:

- Epikrise sendt etter 1 dag etter utskriving (19 av 25)

Legemiddel:

Andel definerte døgndoser av andregenerasjons cefalosporinger (20 av 21)

LUKKA DEL:

Helseføretakslova §26a

**10. Hending ved Førde sentralsjukehus**

Fagdirektør Kjørlaus orienterte om mediesak om forsvunnen pasient. Styret får ny orientering når saka er avslutta.

OPEN DEL:**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

**Sak 068/2024 Rapportering frå verksemda per september 2024****Oppsummering:**

*Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa*

- 
- Ventetidene i alle områder har kome tilbake til same nivå som før ferien
- Innan PBU er ventetida tilbake til om lag 50 dagar
- Det er registrert 281 nye fristbrot i september
- Eit positivt resultat for september på 0,5 millionar kroner
- Aktiviteten i september er prega av flytteprosessen
- Samla sjukefråvær i august var 8,3 prosent

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet og økonomi*

Aktiviteten - overordna pasientflyt september viser:

Nytilviste 5 724 (-4%)	Ventelistekø 6 453 (-14%)	Totalkø 45 882 (0%)	Avslutta 5 726 (-1%)
---------------------------	------------------------------	------------------------	-------------------------

- Aktiviteten er god til tross for innflytting i Livabygget
- Resultat per september er 0,5 millionar kroner
- Varekostnader omfattar medikament, H-resept og kjøp av helsetjeneste
- Utfordring er variabel lønn og høgt sjukefråvær

*Direktør Vingsnes orienterte om Medisinsk klinikk – gjennomgang av verksemda:*

- Medisinsk klinikk er organisert med 11 avdelingar
- Mange av avdelingane er på tre sjukehus
- Resultat for september er minus 2,1 millionar kroner
- Resultat hittil i år er minus 38,9 millionar kroner
- Sjukefråværet for august var 7,7%

- Det er god aktivitet i Medisinsk klinikk
- 71 nye fristbrot i september
- Ventetidsløftet og stort fokus på tilgjengelegheit
- Langtidsventarar
- Lønn og varekost utgjør 50 millionar
- Kostnadsutvikling medikament – medisinsk heimebehandling og varekost patologi/lab
- Samla bruk av overtid/ekstravakter og innleige frå byrå i Medisinsk klinikk
- Sengepostar i Medisinsk klinikk – tal heiltidstilsette og deltidstilsette
  - Tiltak: “Hus og hytte” stillingar, samanslåing på helg der det er mogleg
- Mikrobiologi: Har høgt driftsnivå. Mykje å hente på å automatisere bakteriologisk lab
- Radiologi: Tilvisingar til MR og CT aukar. Krevjande drift ved tre sjukehus
- LMBB: Høg og aukande aktivitet ved alle tre sjukehusa. Vaktordning 24/7. Rekrutteringsutfordringar bioingeniør
- Patologi: Aktivitet veks i takt med vekst og behandlingsmogelegheiter innan kreftområdet. Bra rekruttering seinare år

#### Pågåande omstillingar:

- Pilot farmasitun: Medisinske sengepostar og kreft sengepost får no levert legemiddeltraller frå farmasitunet. Resten av sengepostane kjem inn snarleg. Gode erfaringar så langt
- Digitalisering av helsetenester
- Observasjonsposten, opna medio september, med gode erfaringar
- Gjenbruk MHB per september

*Styret takka for godt presentasjon og diskusjon i styret.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2024 til vitende.

## **Sak 069/2024    Risikostyring 2024 – rapportering 2. tertial**

### **Oppsummering:**

Risikostyringa i 2024 omfattar sju risikoområde. Fem av dei er valde ut av Helse Vest:

- Nytte av digitalisering
- Legemiddelområdet
- Uønskt variasjon og prioritering
- Behalde og rekruttere medarbeidarar, samt auke jobbnærvær
- Beredskap

Helse Førde har tidlegare valt ut tre område:

- Økonomi

- Rekruttering
- Intern samhandling

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapportering risikostyring 2. tertial 2024 til vitende og merkar seg at det framleis er særskilt høg risiko knytt til økonomi- og rekrutteringsområdet.

**Sak 070/2024    Leiinga sin gjennomgang 2. tertial****Oppsummering:**

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde gir, saman med klinikkane sine gjennomgangar, oversyn over vesentlege driftsområde. Arbeid for å få ned ventetidene i samsvar med det nasjonale ventetidsløftet, og planlegging for å flytte inn i det nye LIVA-bygget, har hatt særskilt fokus i 2. tertial. Økonomien er utfordrande og det same gjeld rekrutteringa for fleire faggrupper.

Leiinga sin gjennomgang rapporterer på følgjande område:

1. Status med oppdrag i Styringsdokument 2024 for Helse Førde
  - a. Styrke psykisk helsevern og TSB
  - b. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
  - c. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp
  - d. Andre sentrale punkt i styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretake med tiltak innanfor:
  - a. Kvalitet og pasienttryggleik
  - b. Medarbeidardimensjonen
  - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerande direktør si vurdering

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2024 til vitende.

**Sak 071/2024    Prehospital plan – siste rapportering****Oppsummering:**

Helse Førde har sidan 2022 gjort seg erfaringar med endringane som vart vedtekne i prehospitala tenester for Ytre Bremanger og Dalsfjorden / Ytre Sogn. Rapporteringa byggjer på tidlegare evaluering for områda, der kommunane og har vore delaktige.



Rapporteringa inngår som siste oppfølging i tråd med styrevedtak av sak 073/2021 om halvårlege rapportering over ein to-års periode.

- Dalsfjorden og Ytre Sogn: Det er ikkje motteke klager på organiseringa av tenesta i siste evalueringsperiode.
- Ytre Bremanger: Vi har i siste periode ikkje hatt klager eller misnøye på tilbudet.
- Andre forhold til endringane omhandlar: Kvit bil, ambulansebåtar og beredskapsferje.

*Adm. direktør Varden orienterte om punkt 5 i styresak 007/2020, og korrespondanse med Vestland fylkeskommune. 01.05.2025 kan bli dato for å avvikle avtale om beredskapsferje i Askvoll.*

*Styret kommenterte at det har vore ein forbilledleg prosess med saka, ryddig og godt arbeid. Solid dokument som beskriv samhandling og prosess.*

*Avdelingssjef Sægvog orienterte om samhandling mellom etatane. Øvelse i PLIVO er i samsvar med årshjulet.*

*Adm. direktør Varden orienterte frå møte med Årdal kommune 3. oktober om beredskap.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospitale tenester i samsvar med prehospital plan. Dei halvårlege evalueringane over to år er gjennomført i tråd med punkt 5 i vedtaket.

## **Sak 072/2024 Sjukefråvær i Helse Førde**

### **Oppsummering:**

Adm. direktør Varden innleia om at AD har bedt organisasjonen om å sette eit ekstra fokus på oppfølging og utvikling knytt til auke i sjukefråværet. Det har vore særleg fokus på å sjå årsakssamanheng for å kunne iverksette riktige og gode tiltak. Alle data peikar på eit samansett bilde. Adm. direktør vil initiere og følge opp konkrete og målretta tiltak for å få ned sjukefråværet i tida som kjem.

HR-direktør Skjelten orienterte om: Status sjukefråvær i Helse Førde - Kva faktorar påverkar - Tiltak

- Presseoppslag “Brenna slår alarm om utgiftsbombe: - Nødt til å bremse”
- Sjukefråvær i Helse Vest
- Sjukefråvær Helse Førde august viser 8,32%. Korttidsfråvær viser 1,95%
- Langtidsfråvær viser 6,37%, og dette er utfordrande
- Sjukefråvær pr klinikk august
- Sjukefråvær pr stilling, viser 12% fråvær for sjukepleiarar, 14% for helsefagarbeidarar, 13% for ambulansarbeidarar
- Sjukefråvær pr aldersgruppe, viser høgare fråvær blant dei eldre
- Sjukefråvær pr kjønn

- Andre utfordringar og forventningar
- Fagleg ueinighet om kva leiing betyr for utviklinga i sjukefråværet her og no
- Faktorar som kan påverke sjukefråværet
- Kva seier NSF, Legeforeningen, Fagforbundet og Vernetenesta
- Kva seier omgjevnadane rundt oss?
- Kva seier fagleg ekspertise? Marit Hermansen, sjeflege NAV
- Kva seier fagleg ekspertise? Bedriftshelsetenesta i Helse Førde

Kva tiltak kan vi sette inn?

- Jobbe med legane i regionen – er det for lett å bli sjukemeld?
- Medisin har faste møter ein heil dag kvar månad, kan dette testast ut i andre klinikkar?
- Få legane til å bli flinkare til å skrive om fråværet er arbeidsrelatert eller ikkje
- Følg opp IA bransjeprogram
- Ruste våre leiarar til å sikre tidleg oppfølging. Skape kunnskap og forståing
- Konkrete tiltak mot dei yrkesgruppene som har det høgaste fråværet
- Bruke våre leiarutviklingsprogram til å sette meir fokus på oppfølging av sjukefråvær

#### Oppsummering:

Det er ei stor auke i sjukefråværet siste månader, og ein fråværsprosent som er meir lik dei andre føretaka enn tidlegare. Der vi har kome gjennom pandemien med avstand, smittevernstiltak og høg stabilitet blant våre erfarne medarbeidarar, treffast vi no hardare av auke i lettare psykiske lidingar blant unge og større belastning på arbeid blant dei som har stått støtt på sin plass i lang tid. Det er ikkje noko som tyder på at utviklinga i Helse Førde er annleis enn i resten av samfunnet. Det er viktig å sikre at tiltak mot sjukefråvær vert knytt opp mot årsakssamanheng, og at det blir målretta mot innsatsfaktorar som vi kan påverke. Vi må også halde hodet kaldt – utviklinga vil nok kunne endre seg igjen over tid.

*Styret takka for fin gjennomgang og oppsummering. Styret er opptekne av arbeidet med sjukefråvær.*

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret tek orientering om sjukefråvær i Helse Førde til vitende.

#### **Tilleggspunkt frå styret:**

Styret er bekymra over sjukefråvær i Helse Førde.

Styret støttar det sterke fokuset AD no set på utfordringa, og ser fram til rapportering på oppfølging av tiltaka.

#### **Votering:**

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med styret sitt tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om sjukefråvær i Helse Førde til vitende.

Styret er bekymra over sjukefråvær i Helse Førde.

Styret støttar det sterke fokuset AD no set på utfordringa, og ser fram til rapportering på oppfølging av tiltaka.

## **Sak 073/2024    Oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde**

### **Oppsummering:**

I tilleggskildet som helseføretaka fekk i Føretaksmøte 13.09.2024 er det krav om særskilt rapportering til styra på Ventetidsløftet og pakkeforløp kreft etter mal som Helse Vest RHF har utarbeidd.

### Ventetidsløftet:

Indikatoren for gjennomsnittleg ventetid, helsehjelp starta, viser at:

- Helse Førde er det helseføretaket i Helse Vest med lengst ventetid innan somatikken
- Innan PHV for vaksne har Helse Førde over lengre tid vore under langtidsmålet
- Innan PHV for barn og unge er Helse Førde om lag på det regionale gjennomsnittet
- Innan TSB, det er for få pasientar i Helse Førde til at talet kjem inn i modellen
  
- Helse Vest gir føringar til helseføretaka om å ha særskilt merksemd på fagområda: Ortopedisk kirurgi, ØNH sjukdommar og augesjukdommar

*Adm. direktør Varden innleia frå AD-møte 18. oktober om ventetidsløftet. Det er varsla nytt AD-møte i Helse Vest 25. oktober.*

### *Fagdirektør Kjølraug orienterte om ventetidsløftet i Helse Førde:*

*Det er oppretta ei lokal koordineringsgruppe for ventetidsløftet. I Helse Førde utgjer føretaksleiinga supplert med hovudverneombod og tillitsvalde Lokal koordineringsgruppe. Ei utvida føretaksleiinga involverer raskt leiarlinja i heile organisasjonen og har det nødvendige mynde til å sikre gjennomføring av tiltak.*

### *Tiltaksliste Helse Vest:*

- *Forbetring av forløp og planlegging operasjonar*
- *Auke kvaliteten i ventelister*
- *Meir presis rettighetsvurdering*
- *Tiltak for å avslutte pasientforløp eller tilby behovsstyrt poliklinikk*
- *Betre kommunikasjon av ventetider til befolkninga*
- *Betre oppgåvedeling*
- *Redusere re-planlegging*
- *Justering av nasjonale rutinar for ventetidsregistrering*
- *Fremme eininga med gode resultat*
- *Betre arbeidet med oppgåvedeling*

**Ventetidsløftet:**

Helse- og omsorgsdepartementet har forslag til 7 tiltaksområder som bør prioriterast av RHF-et. Tiltaksliste skal leggest fram for partnerskapet i Ventetidsløftet 17. oktober. Det er forventa ei oppfølging av tiltaka ute i føretaka.

**Lokale tiltak i Helse Førde:**

- Opprette kvalitetssjekk av ventelistene kvar fredag
- Være presis på at det er kun tilstander som har rett til nødvendig helsehjelp som er på ventelistene. Spesielt fokus per no: Fylkestannlegetenester og ØNH ventelister
- Gjennomføre tiltak frå internrevisjon-totalkø
- Bruke robotisering for å spare tid på repetitive digitale oppgåver

Status ventetider i Helse Førde vart gjennomgått.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tar informasjon om oppfølging av Ventetidsløftet i Helse Førde til vitende.

**Sak 074/2024    Sal av Tronvik****Oppsummering:**

Etter at ruseininga ved seksjon rus døgn ved Tronvik vart avvikla 01.05.2024 har bygningane i stor grad stått tomme. Det føreligg ingen planar om å starte opp att verksemd i regi av Helse Førde. Vidare har vi vore i kontakt med konkrete interessentar om å leige ut heile eller delar av bygningsmassen, men dette har ikkje materialisert seg til endelege leigeavtalar. Sjølv om drifta er nedlagt har Helse Førde både drifts- og vedlikehaldskostnadar knytt til eigedomen på Tronvik. Delar av eigedomen er også underlagt vern frå Riksantikvaren.

Eigedomen har eit areal på 80,5 mål med bygningar. Samla eigedomsmasse utgjer om lag 9000 kvm. Bygningsmassen er frå 1950 og 1960 talet og treng oppgradering og vedlikehald dei neste fem åra. Det føreligg p.t. ikkje nokon takst på eigedomen.

I Helse Førde sine vedtekter § 9 framgår det at styret kan gjere vedtak om å avhende eigedom når eigedomen er verdisett til under 40 millionar.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret vedtek å avhende eigedomen på Tronvik (Gnr. 48 bnr. 23 i Høyanger kommune). Eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden. Salet kan skje under eitt eller ved å frådele delar av eigedomen.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre salet.

## **Sak 075/2024    Plan for internrevisjon i Helse Førde og Helse Vest 2025-2026**

### **Oppsummering:**

Styret i Helse Førde vert invitert til å vedta program for internrevisjon for Helse Førde 2025-2026, og gje innspel til revisjonsplanen for Helse Vest i same periode. Målet er at dei to planane skal utfylle kvarandre, og at revisjonsprosjekta skal gje læringspunkt til utvikling av føretaka.

Program for internrevisjon i Helse Førde 2025-2025 inneheld sju revisjonstema på eit overordna nivå:

- Ordinering i Meona
- Utlokalisering av pasientar
- NEWS – bruk og oppfølging i samband med sepsisregime
- Kontroll av B-preparat (oppfølgingsrevisjon)
- Rutinar ved overflytting av pasient til høgare nivå
- Nytte av digitalisering (nytt forslag i 2024)
- Miljøstyringssystemet (nytt forslag i 2024)

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner program for internrevisjon for Helse Førde 2025-2026.

Styret ber administrerande direktør oversende innspel til Helse Vest frå Helse Førde til internrevisjonsplan for Helse Vest 2025-2026.

### **Saker til orientering:**

#### **Sak 076/2024    Eventuelt**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Samhandlingsnytt oktober 2024
- Brev frå Pasient- og brukarombodet vedr. pårønderom på barneklubben, datert 12.09.2024
- Svarbrev til Pasient- og brukarombodet vedr. pårønderom på barneavdelinga sin sengepost ved Førde sentralsjukehus, datert 15.10.2024

Ref. Berit Irene Haarklau  
24.10.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde (sett)	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland (sett)	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem